



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1753 - 19/18214

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

30.08.2019

Melding om mangel ved septiktank - GBNR. 4/1

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 22.08.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om at er 2 defekte lokk på septiktanken/fellestanken på eigedommen Dykkar, gnr. 4, bnr.1 , med adresse Beitingsvegen 48 og Beitingsvegen 50, 5918 Frekhaug.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) §28-6 første ledd mellom anna at «(B)asseng og brønn skal til enhver tid være sikret slik at personer hindres fra å falle i dem». Kravet gjeld alle opne behaldarar for væske.

Det er eigar sitt ansvar å sørge for at septiktanken til ei kvar tid er sikra. Ein usikra eller dårleg sikra kum kan føra til at menneske eller dyr fell ned i kummen. Lokk på kum må vera utført i solide materialer og vera så tett at barn ikkje kan komme igjennom det. Vidare må det vera forsynt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvarst til side.

I pbl. § 31-3 første og andre ledd står det mellom anna følgjande om sikring og istandsetting.

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, slik at de ikke virker skjæmmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Blir ikke plikten overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting».

Dei to lokka må skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS er i perioden juli til oktober 2021. Då De som eigar av den felles septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken må De kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan De sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom tilstandane allereie er utbetra, ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom De meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at De ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at De tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har motteke skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når dei nye lokka er satt på, må De fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendast til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 4-1 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN